

## Kan grusen verta gull?

27.08.2015



**Kan grusen verta gull? Det spørsmålet har eldsjelane bak baneprojektet sentralt i bygda stilt og Uskedalen Utvikling stillar det igjen i det opne møtet i Gamleskulen onsdag kveld klokka 19. Korleis det går med prosjektet framover er det eine hovudtemaet i dette møtet. Korleis det gjekk isommar med omsyn til trafikken er det andre temaet, Forut for dette møtet er det styremøte i UU klokka 18. Der skal det mellom anna drøftast korleis ein skal handsama kjellaren i Gamleskulen. Kva skal ein stutt sagt satsa på der?**

Arbeidet med baneprojektet har kome godt igang og fyrste byggesteget er førebuingane til fotballdekket. Idag har tromlinga vore igang og det er ikkje tvil om at det skin av GULL (sjå over). Så kanskje er eldsjelane sannspådde alt no?

Tekst, foto og nett: Ola Mati Mathisen